



17.08.21

## *Til alle foreldre og føresette i skule og barnehage*

Velkomen til nytt barnehage- og skuleår! Også i år har vi behov for å gje dykk informasjon i høve Korona-situasjonen.

Barnehagar og skular er framleis på grønt nivå, som før ferien. Grønt nivå betyr at for barn og elevar er kvardagen i stor grad normal, slik den var før pandemien.

- Det er framleis krav til god handhygiene.
- Det er framleis svært viktig at sjuke barn, elevar og vaksne ikkje møter i skule eller barnehage. Det skal vera låg terskel for å vera heime ved sjukdom.

Den store endringa i haust er at testing skal erstatte karantene for barn og elevar. Ein ser at barn og elevar treng å vera i barnehage og skule. Derfor ynskjer ein nå å gå bort frå kravet om smittekarantene. I tillegg er smittesituasjonen mindre risikofylt fordi ein har kome langt med vaksinasjonsprogrammet.

Dersom eit barn eller ein elev skulle få påvist smitte, vil det blir sett i verk smittesporing. Dei som er tettast på, slik som husstandsmedlemmer og tilsvarande nære, vil framleis måtte gå i karantene. Øvrige nærbarn, t.d. klassekameratar eller barn på same avdeling, skal testast med hurtigtest. Dersom hurtigtesten er negativ, held barnet fram i barnehage eller skule. Det er krav til testing med hurtigtest opp til tre gonger avhengig av alder på barnet.

Ein hurtigtest gjev svar i løpet av 20 minuttar. Dersom vi skulle få eit smitteutbrot ser vi for oss å gjennomføre testinga på skulen eller i barnehagen. Vi kjem tilbake med meir informasjon om korleis dette vil gå føre seg. Dersom testen er negativ, held dagen fram som normalt. Dersom testen er positiv, må barnet eller eleven hentast heim.

Dersom du ikkje ynskjer at ditt barn skal testast med hurtigtest, kan du reservere deg. Då gjev du barnehagen eller skulen beskjed om dette. Barnet vil då gjennomføre karantene i staden for testing.

Ikkje nøl med å ta kontakt med skulen eller barnehagen, om det er noko du lurar på.

*Vi vil takke alle heimar for innsatsen så langt og ser fram til eit fortsatt godt samarbeid!*

Helsing

skule og barnehageleiinga i Kviteseid kommune